

Intervju med Kari Walde

Kari Walde er fagreferent på Det historisk-filosofiske fakultetsbibliotek.

Ho er levande oppteken av litteraturen og er alltid til stades med heile seg når lånarar eller kollegaer treng hjelp til å finne fram. Ho er fagreferent for klassisk og nordisk.

Kor lenge har du arbeidd i HF's bibliotek?

Eg blei fast tilsett i 1965, så eg har vore her i 40 år. Men eg starta som aspirant i 1962, då var eg i halv stilling som aspirant og resten av tida student.

Kan du fortelje litt om endringane som har skjedd?

Då eg begynte var jo samlingane i lukka magasin, og vi hadde også instituttsamlingar og lesesalsamlingar rundt Nygårdshøgda som fungerte som bibliotek. Alle desse hadde egne kartotek. For å få oversikt over dei ulike samlingane tok eg med meg skrivemaskinen min under armen og la inn desse dokumenta i kortkatalogen.

Heilt bak katalogane

Då eg begynte hadde vi ikkje publikumsrettleiing som i dag. Store delar av biblioteket var i bruk som lesesal, og ei stund hadde vi "kontor plass" bak katalogane. Studentane skulle jo helst ikkje sjå oss. Eg meinte heile tida at vi burde kome fram så dei fikk sjå oss. Og det har jo blitt mykje betre i dag.

Korleis skil HF biblioteket seg frå andre fakultetsbibliotek?

Bøkene er det viktigaste her, litteraturen er i papir. Vi har jo ståande framme gamle kjeldeskrift som framleis er i bruk.

Sjølv har Kari Walde *Gamal Norsk Ordbok* frå 1958 på kontoret sitt og boka er stadig like aktuell. -Det er ikkje slik hos oss at etter ti år er eit verk utdatert. Dei elektroniske bøkene kan fungere greitt som oppslagsverk, men vi har lærebøker på HF som studentane og dei tilsette har med seg vidare i livet.

Waldes favorittlekyre

Vi begynte jo som Bergen Museums Bibliotek så vi har mykje eldre materiale. Om eg skal trekke fram noko eg er veldig glad i må det vere Amalie Skrams *Hellemyrsfolket*. Då eg leste den såg eg Bergen i eit anna lys. Eg kjende brusteinane på ein annan måte, det mørke og det våte. Torborg Nedreaas' bøker er eg også begeistra for; i hennar bøker ser eg noko av min eigen barndom.

Kva liker du best i jobben din?

Å rydde! Eg liker strukturar. Og så liker eg å vere i utlånet å hjelpe folk. Folk spør jo om alt mulig. Eg tenker alltid når det kjem einkvan, kva skal han spørje om? Kva er det han vil?

"Sing me a song"

Ei gang på 80-talet kom det ein norsk-amerikanar i utlånet som hadde hatt ei norsk bestemor. Han hadde eit varmt minne om at han sat på fanget hennar medan ho song for han. Men han hugsar dessverre ikkje tittelen på favorittsongen. Så det blei til at vi gikk og henta fram norske barnesongbøker og song frå perm til perm til vi fann songen han lengta sånn etter. Kan du tenke deg?



Kva ser du som biblioteket si viktigaste oppgåve i dag?

Vi må vere attraktive. Biblioteket i dag krev ei meir utadvent verksemd. Biblioteket har også blitt meir komplisert. No ligg

referansar i databasar, og det må ein prøve å halde oversyn over. Så har vi jo meir undervising enn tidligare, og vi over seksti syns jo at alt dette nye kan vere litt skremmande.

Korleis opplever du dei nye lokala?

Fantastisk, veldig bra! Det har blitt eit veldig flott bibliotek. Det er lyst og vi har god plass.



Det historisk-filosofiske fakultetsbibliotek

13 September 1961
13 September 2005

Frå Bergen Museums Bibliotek til Det historisk-filosofiske fakultetsbibliotek



I 1825 grunnla Wilhelm Frimann Koren Christie Bergen Museums bibliotek. Biblioteket baserte store delar av samlinga si på bokgåver frå forskjellige hald. At formuande personar donerte boksamlingar til leseselskap og andre boksamlingar var ikkje ei uvanlig ordning i Noreg på denne tida. -I 1851 fikk Biblioteket

sin første bibliotekar.

-I 1867 blei biblioteket flytta opp på Nygårdshøgda, Musépllass 3. Ein hadde då fokus på faga naturvitskap og arkeologi. Andre fag i samlinga blei donert til Bergen offentlige bibliotek.

Frå Bergen Museums bibliotek til Universitetsbibliotek (UB)

Rundt 1920 tar professorar og vitskapsmenn til orde for å danne eit universitetsbibliotek i Bergen for å styrke vitskapen på vestlandet. Ein stor del av samlinga fikk ein frå UB i Kristiania som donerte sine dubletter til det framtidige universitetsbiblioteket i Bergen. I 1939 fikk ein ei ordning med pliktavlevering i Noreg som sikra biblioteket på Nygårdshøgda ei viktig rolle som ivaretakar av nasjonal litteratur. Med tida fikk biblioteket egne lesesalar for studentar, desse blei stadig fullare, det same gjaldt bokmagasina; og for å gjere ei lang historie kort blei UB i Bergen flytta til Haakon Shetelig's plass 7 i 1961.

Boksamlinga var i eit lukka magasin, men biblioteket hadde gode leseplassar for bergenske studentar. Med tida blei det trengt om plassen både for bøker og folk. Biblioteket blei seinare delt inn i ulike fakultetsbibliotek.



(Matrise til gullmerking av bøker)

HF-biblioteket som læringscenter

I 2003 var HF-biblioteket åleine attende til Haakon Shetelig's Plass 7. Framleis stod bøkene i lukka magasin, og berre hovudfagsstudentar og tilsette fikk direkte tilgang til boktårnet der bøker innan humaniora var samla. Hausten 2005, etter ei større ombygging, har biblioteket opna store delar av samlinga si, noko som gir lånarane i dag mykje lettare tilgang til faglitteraturen. HF-biblioteket er ein læringsarena der ein får tilbod om undervising både i grupper og i ein-til-ein relasjonar, der ein kan lese aviser og tidsskrift, der ein kan ta med seg ein PC og fordjupe seg i egne oppgåver med tilgang til fleire informasjonsressursar. Vi er stolte av bygget slik det har blitt og gleder oss over å møte lånarane våre i nye og opne areal.



Studentane kjem!



Morgonkø

Utstillinga er arrangert og satt saman av Pedro Vásquez og Solveig M.L.Kavli. Vi takkar Morten Heiselberg og Solveig Greve på Billedsamlingen for hjelp og utlån av materialer til utstillinga. Vi takkar også Jan Olav Gatland for inspirasjon.

